



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 16. april 2024

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, referat frå 28. februar, referat frå årsmøtet og sakliste.

Meldingssaker:

10/24: Sidan sist:

Minikonfirmantar 5. mars og 9. april: 6-7 frammøtte på desse.

Myldresamlingar 6. mars og 10. april: 5-8 frammøtte. Samlingstund med song og forteljing, kvelds og myldring til slutt. Pleier å vere ei kjekk samling uavhengig av kor mange som kjem.

Årsmøte og årsfest 20. mars: 25 på møtet og 42 til middag. Kjekt med basar, og god mat. God hjelp frå nokre av konfirmantane på kjøkkenet.

Vask av kyrkja 11. april: 7 stk. var med å vaske kyrkja. Det vart reint i alle krinkar og krokar, og det vart ein liten kaffipause med frukt og twist.

Samtalegudsteneste 10. mars: Alle konfirmantane var der.

Påskemåltid 28. mars: 14 frammøtte. Same opplegg som førre år. Vi snakkar om å kanskje gjere noko anna/tilpasse meir unge folk til neste år. Vi skal ta dette opp igjen til hausten.

Natursti/vandring rundt kyrkja i påsken: 9 som deltok på denne. Vi trakk ein dag for tidleg, men det var ikkje nokon fleire som gjekk etter trekkinga.

Høgtidsgudsteneste 31. mars: Barn var med i inngongsprossesjonen. 32 frammøtte, og nesten alle deltok på kaffi, kaker og prat etterpå.

Andakt på Helsesenteret: Inger Cecilie fortel om positiv stund saman med bebuarane.

Fasteaksjonen 2024: Resultat 8675,- (i bøssene). Resultatet på Vipps får vi ikkje vite før i juni. Lavik Sokneråd støttar også Fasteaksjonen med 5000,-.

11/24 Nytt frå Fellesrådet

Møte 14. mars og digitalt møte i april.

Toril orienterer.

12/24 Komande aktivitetar og gudsteneste vår/sommar

Vårdugnad 29. april: Klokka 1700 rundt kyrkja. Vi treng ein plakat. Regine skal ordne dette. Kaffi og noko attåt. Innandørs i kyrkja dersom det er dårleg vèr.

Minikonfirmantgudsteneste på Alværa 21. april: Dette blir ei gudsteneste som alle kan delta på, då det ikkje er andre gudstenester i Lavik i april.

Konfirmasjonsgudsteneste 9. mai: Klokka 11.00. Oddny er kyrkjevert. Vi skal prøve å få ein til, slik at det blir 2.

Dåpsgudsteneste 9. mai: Terje er kyrkjetjenar. Det blir ei enkel gudsteneste, då denne er satt opp grunna dåp.

Festgudsteneste 17. mai: Klokka 13.15. Toril/Olav er kyrkjevert.

Dåpsgudsteneste 19. mai: Klokka 14.00. Ekstragudsteneste. Inger Cecilie er prest. Regine er kanskje kyrkjevert. Kyrjekaffi.

Friluftsgudsteneste 2. juni: I Gildrevika på Norevikane, eller ein annan stad i området. Toril skal høyre med dei lokale om det er mogleg å ha det i Gildrevika mtp. bilkøyning på privat veg. Klokka 12.00. Skal høyre med Oddny om ho kan hjelpe til på denne gudstenesta. Torunn og Eldrun hjelper også til. Minikonfirmantavslutning i forbindelse med denne gudstenesta. Då kjem det kanskje folk i alle aldrar.

Alvæ rastemnet 15. juni: Styret på Alværa har ansvar for denne.

Gudsteneste 30. juni: Klokka 11.00. Maria er kanskje kyrkjevert denne dagen.

Familiedag/utedag på Alværa: Torsdag 23. mai frå klokka 1600 på Alværa. Katrin kan hjelpe til denne dagen. Prøve å få til litt felles aktivitetar saman – store og små.

13/24: Rutine for utsending av innkalling, sakspapir og protokoll for møta.

Det er kome e-post frå kyrkjeverge med ønske om felles rutiner ved utsending av innkalling og protokollar frå alle sokneråda.

14/24: Salmeval på gudstenestene

Ofte opplev ein at det er mange ukjende salmar i gudstenestene. Kva kan gjerast med det/prinsipp for val av salmar.

Inger Cecilie oppfordrar til å kome med forslag. Både på ulike salmar og songar som blir brukt i trusopplæringa.

Vedtaksaker:

08/24 Fasteaksjonen

Vedtak: Lavik Sokneråd løyver 5000,- til fasteaksjonen 2024.

09/24 Gudstenesteplanen hausten 2024

Framlegg til plan frå kyrkjeverje/prest/diakon er sendt ut på mail til soknerådet. Her kan ein kome med innspel. Det som er satt opp er berre eit forslag.

Søndag 29. september – Toril skal sjekke ut når helselaget eventuelt skal ha basar.

Onsdag 16. oktober – det er ein dårleg dag ifht. andre aktivitetar, og det blir foreslått å kanskje ha det søndag 20. oktober på føremiddagen. Vi snakkar om å kanskje lage til ei salmegudsteneste med musikk frå lokale, for vi må tenke på at ein eventuell kyrkjemusikar får ei frihelg den månaden. Klokka 1100 vert foreslått som klokkeslett.

Salmekveld «Vi syng jula inn» 11. desember.

10/24 Aktivitetar hausten 2024

Konfirmantopplegg v/Inger-Cecilie: Mykje som er uklårt rundt dette enda.

Mat og Prat: 16. eller 23. oktober. Skal høyre med Geir kva som passar han. Utfordre konfirmantane til å bli intervjua.

Trusopplæring: Til hausten er det mange som har vore med på myldresamling, som skal begynne på skulen og er klar for t-dagar. Vi kjem til å satse vidare på myldresamling ein gong i mnd.

4/6-årssamlingar: Kanskje vi byttar vekk ei myldresamling og inviterer både 2020- og 2021- barna til 4-årssamling. Vi satsar på å få til t-dagar for 6-årsgjengen.

Eks-minikonfirmantar: Finne eit tilbod for desse, då dette er ein gjeng på 5-8 stk.

Ungdomane våre: Frå 8. klasse og opp. Kanskje ha noko sosialt som kan samle gjengen. Det er etterlyst «tacokveld» frå nokon i denne aldersgruppa. Kanskje taco-kveld der ungdommen sjølv er med å lage maten?

Generasjonsdag/aktivitetsdag: Ein helgedag på hausten. 16. eller 23. november er to dagar som er aktuelle.

11/24 50-årskonfirmantar

I mange år har 50-årskonfirmantar vore invitert til gudstenesta siste søndagen i august. På same gudsteneste vert dei nye konfirmantane presenterte. I fjor var det berre 2 av 50-årskonfirmantane som møtte. Oppmøtet har variert, men flest kjem når det er noko meir enn samlinga i kyrkja. Til dømes felles middag på hotellet.

Eldrun tek kontakt med ein av dei som er busett i Lavik-området om det er interesse for ei samling.

Vi må i alle fall lage til kyrkjekaffi denne dagen.

Ymse:

Nøkkelboks ved kyrkja: Dette må vi klare å ordne. Toril sjekkar opp i dette med Stig Jonny.

Handicap-parkering: Toril høyre med Stig Jonny om korleis dette kan løysast.

Betre belysning i delar av kyrkja: Vi skulle hatt nokre ekstra lampettar på to av søylene. Toril høyre med Stig Jonny om kva som er mogleg.

Brannvarsling i kyrkja: Bjørn Harald skulle høyre med kommunen. Toril etterlyser svar ifrå han.

Nytt soknerådsmøte: Tirsdag 20. august klokka 1800.

Notat: Det er kome innspel på korleis konfirmantundervisninga kan bli enda betre i framtida. Dette er noko vi skal snakke meir om til hausten når det er avklart kven som skal ha konfirmantundervisninga for dei neste konfirmantane.

16. april 2024

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen